



## Notat

Dato: 06.09.2017  
Arkivsak: 2017/1146-2  
Saksbehandlar: kjedoss

### Melding knytt til vedtak om tariff

Den 7. mars 2017 vart framlegg til ny innkjøpspolitikk handsama som sak 13/17 i fylkestinget. Diskusjonen kring innkjøpspolitikken var brei og god, og det kom fleire framlegg til endringar der nokre vart vedtatt.

Ei av endringane var eit tilleggsvedtak knytt til tariffavtale:

*«Hordaland fylkesting går inn for at hovedregelen ved fylkeskommunale innkjøp / oppdrag er at det blir stilt krav om at det ligg føre norsk landsdekkjande tariffavtale».*

Vedtaket vart oppfatta som eit krav om at leverandørar til HFK skulle vere tilslutta tariffavtale. For å vurdere eventuelle konsekvensar av dette, vart det henta inn ei utgreiing frå Advokatfirmaet Thommessen, jf. vedlegg 1. I oppsummeringa står det følgjande:

*«Etter vårt syn vil et krav om tilslutning til en norsk landsdekkende tariffavtale mest nærliggende være uforenlig med reglene om de fire friheter EØS-avtalen, særlig reglene fri utveksling av tjenesteytelser i EØS-avtalen artikkel 36.*

*Etter vårt syn vil krav om tilslutning til norsk landsdekkende tariffavtale også mest nærliggende være i strid med kravet om likebehandling i regelverket om offentlige anskaffelser.»*

I etterkant av dette har det kome informasjon som tilseier at det ikkje har vore fylkestinget sin intensjon å stille krav om at leverandøren er tilslutta tariffavtale. Fylkesrådmannen legg til grunn at bakgrunnen for vedtaket er eit ønske om å sikre at Hordaland fylkeskommune handlar med seriøse leverandørar, der dei tilsette har løns- og arbeidsvilkår i samsvar med gjeldande tariffavtalar.

Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter regulerer dette:

*«§ 5. Krav til kontraktsklausul om lønns- og arbeidsvilkår  
Oppdragsgiver skal i sine kontrakter stille krav om at ansatte hos leverandører og eventuelle underleverandører som direkte medvirker til å oppfylle kontrakten, har lønns- og arbeidsvilkår i samsvar med denne bestemmelse.*

*På områder dekket av forskrift om allmenngjort tariffavtale skal oppdragsgiver stille krav om lønns- og arbeidsvilkår er i samsvar med gjeldende forskrifter.*

*På områder som ikke er dekket av forskrift om allmenngjort tariffavtale, skal oppdragsgiver stille krav om lønns- og arbeidsvilkår i henhold til gjeldende landsomfattende tariffavtale for den aktuelle bransje. Med lønns- og arbeidsvilkår menes i denne sammenheng bestemmelser om minste arbeidstid, lønn, herunder overtidstillegg, skift- og turnustillegg og ulempetillegg, og dekning av utgifter til reise, kost og losji, i den grad slike bestemmelser følger av tariffavtalen.»*

Forskrifta stiller også krav om at brot på vilkåra vert sanksjonert, og at oppdragsgjevar gjennomfører naudsynt kontroll overfor leverandørane. Kontraktane som fylkeskommunen nyttar, inneholder slike føresegner pr. i dag. Til dømes vil det påløpe dagbot der det skjer brot på vilkåra, og dersom tilhøva ikkje blir retta, er det mogleg å heve kontrakten. Dette medverkar til å sikre løns- og arbeidsvilkåra for dei tilsette hos HFK sine leverandørar, utan at leverandøren er pålagt å vere tilslutta ein tariffavtale.

På bakgrunn av ovannemnde legg fylkesrådmannen til grunn at vedtaket i sak 13/17 ikkje skal tolkast som eit krav om at leverandøren er tilslutta ein tariffavtale, men at Hordaland fylkesting går inn for at fylkeskommunale innkjøp skal gjennomførast i samsvar med forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter, og at Hordaland fylkeskommune skal stille krav til løns- og arbeidsvilkår, gjennomføre naudsynt kontroll av leverandørar og sanksjonere brot på vilkåra.

#### Vedlegg

- 1 Notat - krav til lønns- og arbeidsvilkår
- 2 Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter